

Politiske alliansar etter EU-slaget



BERGE
FURRE

– Vi må tenkja like mykje grønt som raudt om den snunad samfunnet må gjennom, skriv professor Berge Furre om norsk politikk etter at Noreg står utanfor EU. Han meiner at ei av dei viktigaste politiske endringane etter folkerøystinga i november, er at Senterpartiet har plassert seg til venstre. Ein ny generasjon i Sp. er ikkje så oppteken av borgarleg samarbeid, slik partiet var etter 1972. Furre ser føre seg ein allianse mellom SV og Sp. som kan øva press på eit høgredreid Arbeidarparti gjennom folk som i EU-kampen fann sin plass i SME.

Folkerøystinga gav siger for nei-sida, men vart vel så mykje ein triumf for demokratiet. Det har aldri hendt før at nitti prosent av dei røysteføre møtte fram til eit val eller røysting her til lands- og snautt nok i andre demokratiske land i Europa på lang tid. Folk trassa regn, storm og torevær. «Her må vi gå gjennom eld og vatn for å røyta», ringde ein ven meg frå Volda i kveldinga. Når det hagla med motstridande påstandar om såvel fakta som verdiar i månad etter månad, skulle ein kanskje venta at mange ville gå utanom valurna i frustrasjon og avstenging med øyresus. No orkar vi ikkje meir! Men viljen til å ta ansvar for framtida med eit ja eller nei var altså sterkare. Folkemøtet var eit av stridens kjennetegn. Deltakinga, engasjementet, kom tilbake i ei tid med mange teikn på politisk framandgjerding og passivering. EU-saka vart folkesak. Ikkje politikarsak.

„«Utanriksministeren si ferd til Brussel fekk ein snev av botsgang med bøygd hovud».»

Det står respekt av ein statsminister som ristar av seg mismotet over nederlaget på nokre nattetimar og fører si ansvarsgjerning vidare i respekt for ein vrang folkevilje. At partiet hennar sette galluprekord veka etter nederlaget, har ei enkel forklaring: Slik ville folk at det skulle vera. Dei røyta ikkje for at regjeringsturbulens skulle forkudra dei perspektiv valet stod om.

Men ikkje alle reaksjonar på regjeringsskiftet var på høg med situasjonen. Utanriksministeren si ferd til Brussel fekk ein snev av botsgang med bøygd hovud. Det smaka dårleg. Han skulle heller ha ranka ryggen på vegner av folket i eit demokrati som hadde vist sin vitalitet. Og han skulle ikkje ha bede om serordningar. Fleirtalet som vann rekna med at dei avtaler som galdt ville stå ved lag. Det var nok å stadfesta det der og då. I leiande EU-presse kunne han sjå at folkets avgjerd vart møtt med respekt, forståing – til dels med sjølvkritisk refleksjon.

Så gjekk altså aksjane opp, renta ned og krona vart sterkare. EØS-avtala står ved lag. Det nordiske samarbeidet skal først vidare. Dei halvemigrerte direktørane frå før 28. november ser ut til å verta. Og NHO-direktøren forsikrar no at dei hundre tusen færre arbeidsplassar utanfor EU berre var ein «illustrasjon». Det er freistande å hovra over dei punkterte skremslar. Men det er betre å avstå: Vi på nei-sida forsikra at skremslene var tome – og da bør vi ikkje visa oss altfor overraska over at vi fekk rett.

„«Noreg greier seg godt utanfor EU – minst like godt som før».»

Dei beiskaste taparane, som for med arrogante sneiord om sugerøysfolk, egoisme og husmannsånd, kan vi gjerne gleyma. Kanskje vil dei helst det no. For det er meir påfallande kor få som kom med slikt. Dei fleste er heller opptekne av framtida. Noreg greier seg godt utanfor EU – minst like godt som før. No er tida til å nytta ut dei vegar og voner som handlefridomen utanfor EU gjev og skapa den framtid det opnar for oss. Så langt har Kongens ord om forsoning vekt og meining.

Men så vil vegane skiljast og den politiske striden stå om kvar og korleis. Somme har vilja «avpolitiserast» utvallet av folkerøystinga: Det skal ikkje lesast inn nokon vilje til politisk forandring i dei 52 prosentane sidan premissane var såpass ulike. Ei slik haldning er logisk for dei som ynskjer at norsk politikk skal verta som før og at vegen mot Brussel skal gå vidare i EU-tilpasning inntil det vert meiningsløst å stå utanfor – og kravet om medlemskap kan reistast på ny.

Nei-partia og grasrotrørslene har eit felles ansvar i å «politiserast» utvallet: Dei appellerte til verdiar som sjølvstyre, nærleik til avgjerdene, jamne levekår – og dei tala mykje om kva eit nei skulle brukast til: Nytenkt politikk for arbeid til alle, brot med ei



RAUD/GRØN-ALLIANSE: Berge Furre meiner det er viktig å tenkja like mykje raudt som grønt i norsk politikk, i eit Noreg som har sagt nei til Brussel.

vektsttu som produserer øko-problem istadenfor arbeid, ein aktiv utanrikspolitikk for sterkare internasjonal solidaritet, ei ressursforvaltning med ansvar for komande generasjonar, samfunnsstyring istadenfor meir marknadsmakt og meir slikt. Det vart skrivne ut mange flotte sjekkar til innløyning etter 28. november – og dei var nokså like anten dei kom frå Senterpartiet, SV eller SME.

„«Minnet om Syse-forsøket er meir eit traume enn eit godminne».»

Har partia på nei-sida sterke nok konti til å innfri sjekkane? Det vert avgjerande framover. Greier dei ikkje

å samarbeida om dekninga, vil resiglem istadenfor arbeid, ein aktiv utanrikspolitikk for sterkare internasjonal solidaritet, ei ressursforvaltning med ansvar for komande generasjonar, samfunnsstyring istadenfor meir marknadsmakt og meir slikt. Det vart skrivne ut mange flotte sjekkar til innløyning etter 28. november – og dei var nokså like anten dei kom frå Senterpartiet, SV eller SME.

Det mest spennande spørsmålet no er likevel Senterpartiet. Dei har plassert seg til venstre på svært viktige områda. I vesentlege saker står dei nærare SV enn noko anna parti. Dette er nytt. Dette er den største politiske forandring sidan 1970-åra. Vil dei verta der – godt til venstre for DNA? Mange – frå Henry Valen til Thorbjørn Jagland – spår dei tilbake i Høgre fann. For Valen ein hypotese, for Jagland kanskje helst ein ynskjetanke om at alt skal verta som det ein gong var.

Senterpartiet er ikkje som i 1972.

Ein annan generasjon rår som ikkje er så farga av langvarig borgarleg regjeringssamarbeid. Minnet om Syse-forsøket er meir eit traume enn eit godminne. Og dei politiske utfordringane er andre i dag.

I EU-kampen var eg innom mest alle fylke i Sør-Noreg og møtte «grasrota» på folkemøte, gatemøte og i samtaler. Overalt var eg forvoten på kva slag Senterpartiet hadde i bygda eller byen. Det skifte mykje: frå ein tradisjonell grunneigarjunta til menneske på iderik leit etter nye svar på dagens spørsmål. Det var eit parti i prosess. Og når dei unge tok ordet, var det gjerne uråd å høyra skilnad frå SVs ungdom. Eg trur ikkje Valen og Jagland skal vera så sikre.

Men mykje kjem an på SV. I våre krinsar kan fordømane mot «bondepartiet» her og der vera like sterke som sosialist-fælksa hjå somme på andre kanten. Men der er ikkje framtid nok for SVs politikk i vår tradisjonelle tanke om å «radikaliserast». Arbeidarpartiet med litt meir raudfarge. Vi må tenkja like mykje grønt som raudt om den snunad samfunnet må gjennom. Og da må vi arbeida for at Senterpartiet skal verta verande ein viktig alliert på venstre sida. Saman kan SV og Sp. øva eit så tungt press på Arbeidarpartiet at dei kreftene som i EU-kampen fann uttrykk i SME etter kvart kan kjenna morgonluft.

Arbeidarpartiet har «modernisert» seg så langt mot næringsliberalisme av gamalt merke at statsministeren ofte lyder som eit ekko frå NHO, og aldri har nokon statsminister i dette land – Willoch medrekna – vore så populære blant næringslivets direktørar. Slik var det iallfall i haust. Slik treng det ikkje verta alltid. Men vi må våga tenkja eit stykke framover – inn i «post-Gro-epoken». Eg tenkjer meg ei framtid med eit politisk tyngdepunkt i raudt og grønt av SV og Senterpartiet som med sakleg politisk styrke presser for ein SME-snunad i DNA fram mot eit grunnlag for regjeringar som fører Noreg inn på ein annan vegen enn marknadsstyringa mot Brussel. Lokalpolitikken kan verta ein viktig treningsbane.

Det er eit stykke fram. Men eit sjøkart er godt å ha når ein skal segla langt. I budsjettforliket anar vi eit lite steg i rett lei: Styrking av kommunøkonomien, den sosiale profilen, avgiftslette på arbeid istadenfor kapital. Kristeleg Folkeparti fylgde med, og Høgre vart isolert. Senterpartiet hadde gode grunnar for ikkje å vera forlikspart no, men dei var vilige i den konstellasjon som gjorde forliket mogeleg, og dei såg ingen grunn til å distansera seg frå det.



RAUD/GRØN-ALLIANSE: Berge Furre meiner det er viktig å tenkja like mykje raudt som grønt i norsk politikk, i eit Noreg som har sagt nei til Brussel.